



Innst. S. nr. 285

(2002-2003)

Innstilling til Stortinget fra sosialkomiteen

St.prp. nr. 74 (2002-2003)

Innstilling frå sosialkomiteen om endringar i statsbudsjetten for 2003 som følgje av takstoppgjera for legar, psykologar og fysioterapeutar mv.

Til Stortinget

SAMANDRAG

Helsedepartementet gjer i proposisjonen framlegg om endring av løyvingane for 2003 under kap. 2711 post 70 Refusjon spesialisthjelp og post 71 Refusjon psykologhjelp, under kap. 2755 post 62 Tilskot til fastlønnsordning fysioterapeutar, post 70 Refusjon allmennlegehjelp og post 71 Refusjon fysioterapi og under kap. 732 Regionale helseføretak, postane 71-75. Auken på i alt 42,5 mill. kroner har samanheng med reviderte avtalar med Den norske lægeförening, Norsk Fysioterapeutforbund og Norsk Psykologforening om takstar, basistilskot og driftstilskot. Det er sett av reservar til dekking av meirutgiftene ved oppgjeret under kap. 2309 Tilfeldige utgifter (Ymseposten). Denne løyvinga vil det seinare bli gjort framlegg om å setje ned.

Det blir òg gjort framlegg om ei tilleggsløyving under kap. 2790 post 72 Sjukebehandling i utlandet på 65 mill. kroner som følgje av at fleire pasientar enn rekna med vil få behandling i utlandet under Prosjekt - kjøp av helsetenester i utlandet. Til inndecking av meirutgiftene tilrår departementet at løyvingane under kap. 701 Forskings- og forsøksverksemd, post 21, kap. 743 Statlege stimuleringstiltak for psykisk helse, postane 73 og 75, kap. 2600 Trygdeataten, post 01 og kap. 2661 Grunn- og hjelpetønad, hjelpemiddel mv., post 75, blir sette ned med i alt 65 mill. kroner.

I St.prp. nr. 65 (2002-2003) har Regjeringa gjort framlegg om at eigendelane skal aukast med 10 prosent i staden for 4 prosent frå 1. juli 2003. For røntgenundersøkingar er det gjort framlegg om 20 prosent auke i eigendelen. Som følgje av dette er det gjort

framlegg om nedsetjing av refusjonsløyvingane i proposisjonen. Auken i honorartakstane som følgje av dei nye avtalane får difor full verknad i refusjonsutgiftene.

Da ordninga med driftstilskot for legar, fysioterapeutar og psykologar blei innført i 1984, var føresetnaden at driftstilskotet skulle utgjere om lag 40 prosent av gjennomsnittleg omsetnad for dei ulike gruppene. For legespesialistar og psykologar utgjer driftstilskotet no 20 til 25 prosent. For å auke desse prosentdelane noko er det avtala ei omfordeling frå takstar til driftstilskot for desse to gruppene. Som følgje av dette blir det gjort framlegg om å auke overføringane til dei regionale helseføretaka med 48 mill. kroner, mot tilsvarande reduksjon i refusjonsløyvingane. Medrekna påslaga som følgje av takstoppgjera blir refusjonsløyvingane difor samla foreslått sett ned med 5,5 mill. kroner.

Avtale om basistilskot, driftstilskot og takstar for legar

I forhandlingsmøte 3. juni 2003 blei Den norske lægeförening, staten, Kommunenes Sentralforbund og dei regionale helseføretaka samde om eit tilrådd framlegg til revidert avtale om basistilskot for allmennlegar, driftstilskot for legespesialistar og takstar for tidsrommet 1. juli 2003-30. juni 2004. Det tilrådde framlegget inneber at gjeldande basistilskot, driftstilskot, takstar og fondsavsetningar samla blir auka med 1,0 prosent frå 1. juli 2003. Innanfor denne ramma er det avtala at driftstilskota blir auka med 25 prosent, eller om lag 90 mill. kroner på årsbasis. Partane vil snarast komme saman for å dele ramma på dei einskilte takstane, driftstilskota og fonda.

Mindreutgiftene for folketrygda til refusjonar og fondsavsetningar i 2003 er rekna til 15,0 mill. kroner, delt med ei mindreutgift på 35 mill. kroner på kap 2711 post 70 Refusjon spesialisthjelp og ei meirutgift på 20 mill. kroner på kap 2755 post 70 Refusjon allmennlegehjelp. Til inndecking av meirutgiftene for dei regionale helseføretaka som følgje av den ekstraordinære auken i driftstilskota, tilrår departementet at kap. 732

Regionale helseforetak postane 71-75 blir auka med 43 mill. kroner i alt.

Avtale om driftstilskot og takstar for fysioterapeutar

I forhandlingsmøte 3. juni 2003 blei Norsk Fysioterapeutforbund, Kommunenes Sentralforbund og staten samde om eit tilrådd framlegg til revidert avtale om driftstilskot og takstar for fysioterapeutar. Avtalen skal gjelde for tidsrommet 1. juli 2003-30. juni 2004. Avtalen føreset ei regulering av takstar og driftstilskot med 1,2 prosent per 1. juli 2003. Takstar og driftstilskot aukar med same prosentsats. Folketrygda skal som tidlegare setje av 1,5 prosent av utbetalte refusjonar til fond for etter- og vidareutdanning.

Departementet tilrår at løyvinga for 2003 under kap. 2755 post 71 Refusjon fysioterapi blir auka med 8 mill. kroner.

Fastlønnsstilskotet til kommunar med fysioterapeutstillingar var 131 000 kroner i 2002. Departementet tilrår at fastlønnsstilskotet blir regulert til 134 300 kroner for 2003, og at kap. 2755 post 62 Tilskot til fastlønnsordning fysioterapeutar blir auka med 3 mill. kroner. Det er teke omsyn til framlegget til auke i eigendelane frå 1. juli 2003 ved reguleringa av fastlønnsstilskotet.

Avtale om driftstilskot og takstar for psykologar

I forhandlingsmøte 2. juni 2003 blei Norsk Psykologforening, staten og dei regionale helseforetaka samde om eit tilrådd framlegg til revidert avtale om driftstilskot og takstar for spesialistar i klinisk psykologi. Avtalen skal gjelde for tidsrommet 1. juli 2003-30. juni 2004. Avtalen føreset ei samla regulering av takstar, driftstilskot og avsetning til fondet for vidare- og etterutdanning med 2,0 prosent per 1. juli 2003. Innanfor denne ramma er det avtala at driftstilskotet blir auka med 12 prosent, eller 12 mill. kroner på årsbasis. Departementet tilrår at kap 2711 post 71 Refusjon psykologhjelp blir sett ned med 1,5 mill. kroner. Til inndekking av meirutgiftene for dei regionale helseforetaka som følgje av den ekstraordinære auken i driftstilskota tilrår departementet at kap. 732 Regionale helseforetak postane 71-75 blir auka med 5 mill. kroner i alt.

Behandling i utlandet

Kap. 2790 post 72 Sjukebehandling i utlandet inneheld to ordningar: Bidrag etter folketrygdlova § 5-22 til behandling i utlandet og Prosjekt - kjøp av helsetenester i utlandet. Bidragsutgiftene er i St.prp. nr. 1 (2002-2003) budsjetterte med 18 mill. kroner. Som følgje av Stortinget si handsaming blei det for begge ordningane til saman løyvd 98 mill. kroner, og Prosjekt - kjøp av helsetenester i utlandet blei dermed tildelt 80 mill. kroner. I tillegg blei det løyvd 5 mill. kroner til administrasjon av ordninga, jf. kap. 2600 Trygdeetaten.

I St.prp. nr. 65 (2002-2003) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet medregnet folketrygden 2003 er det gjort framlegg om ei gjenløyving på 60

mill. kroner til Prosjekt - kjøp av helsetenester i utlandet. Dette svarer om lag til mindreforbruket i 2002 i høve til prosjektet si tildelte ramme dette året, og blei sett som naudsynt for å kunne betale utgifter til behandling av pasientar i siste halvdel av 2002.

Nye rekneskapstal frå Rikstrygdeverket viser at prosjektet har eit meirforbruk i 2003 ut over det som er lagt til grunn i St.prp. nr. 65 (2002-2003). Meirforbruket har ifølgje Rikstrygdeverket mellom anna si årsak i at dei regionale helseforetaka har sendt fleire pasienter til behandling i utlandet gjennom prosjektet på slutten av fjoråret enn det Rikstrygdeverket la til grunn.

Helsedepartementet ser det som naudsynt at staten innfrir sine plikter overfor dei pasientane som allereie er tilbode behandling i utlandet gjennom prosjektet. Det trengst ei tilleggsløyving for å få til dette. Meirutgiftene er rekna til 65 mill. kroner. Departementet gjer framlegg om ei tilleggsløyving på 65 mill. kroner under kap. 2790 post 72, og at denne blir dekt inn ved tilsvarande nedsetjing av følgjande løyvingar:

- Kap. 701 Forskings- og forsøksverksemd post 21 Spesielle driftsutgifter blir tilrådd nedsett med 7 mill. kroner.
- Kap. 743 Statlege stimuleringstiltak for psykisk helse post 73 Tilskot til psykososialt arbeid for flyktningar blir tilrådd nedsett med 2,5 mill. kroner.
- Kap. 743 Statlege stimuleringstiltak for psykisk helse, post 75 Tilskot til styrking av psykisk helsevern blir tilrådd nedsett med 2,5 mill. kroner.
- Kap. 2600 Trygdeetaten post 01 Driftsutgifter blir tilrådd nedsett med 33 mill. kroner.
- Kap. 2661 Grunn- og hjelpestønad, hjelpemiddel mv. post 75 Betring av funksjonsevna, hjelpemiddel blir tilrådd nedsett med 20 mill. kroner.

KOMITEEN SINE MERKNADER

Avtalar om basistilskot, driftstilskot og takstar for legar, fysioterapeutar og psykologar

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Bjarne Håkon Hanssen, Britt Hildeng, Asmund Kristoffersen og Gunn Olsen, fra Høyre, Beate Heieren Hundhammer, Bent Høie og Elisabeth Røbekk Nørve, fra Fremskrittspartiet, lederen John I. Alvheim og Harald T. Nesvik, fra Sosialistisk Venstreparti, Olav Gunnar Ballo og Sigbjørn Molvik, fra Kristelig Folkeparti, Åse Gunhild Woie Duesund og Per Steinar Osmundnes, og fra Senterpartiet, Ola D. Gløtvold, viser til at det i forhandlinger mellom staten, Den norske lægeforening, Kommunenes Sentralforbund og de regionale helseforetakene ble enighet om en revidert avtale om basistilskudd for allmennleger, driftstilskudd for legespesialister og takster for tidsrommet 1. juli 2003–30. juni 2004. Det anbefalte forslaget vil innebære at gjeldende basistilskudd, driftstilskudd, takster og fondsavsetninger samlet blir økt med 1,0 prosent. Innenfor denne

rammen er det avtalt at driftstilskuddet blir økt med 25 prosent.

Komiteen viser videre til at det i forhandlinger mellom staten, Norsk Fysioterapeutforbund og Kommunenes Sentralforbund ble enighet om en anbefalt revidert avtale om driftstilskudd og takster for fysioterapeuter. Avtalen skal gjelde fra 1. juli 2003 til 30. juni 2004. Avtalen forutsetter en regulering av takster og driftstilskudd med 1,2 prosent. Folketrygden skal som tidligere sette av 1,5 prosent av utbetalte refusjoner til fond for etter- og videreutdanning.

Komiteen viser ytterligere til at det i forhandlinger mellom staten, Norsk Psykologforening og de regionale helseforetakene ble enighet om en anbefalt revidert avtale om driftstilskudd og takster for spesialister i klinisk psykologi. Avtalen skal gjelde for tidsrommet 1. juli 2003-30. juni 2004. Avtalen forutsetter en samlet regulering av takster, driftstilskudd og avsetning til fondet for videre- og etterutdanning med 2,0 prosent.

Komiteen støtter de fremlagte bevilgningsforslagene i proposisjonen.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet viser til at de inngåtte avtaler innebærer en økning av flere egenandeler i helsevesenet. Til sammen utgjør økningen 75 mill. kroner. Disse medlemmer mener dette representerer nye usosiale tiltak fra Regjeringen. Disse medlemmer mener at slike usosiale økninger av egenandeler ikke bør være nødvendige for å finansiere en normal inntektsutvikling for helseprofesjonsgrupper. Slik disse medlemmer ser det, er Regjeringen forpliktet til å følge opp de inngåtte avtalene om basistilskott, driftstilskott og takster. Dette gir lite rom for handlefrihet i Stortinget på et prinsipielt viktig område. Disse medlemmer vil ikke stemme imot de framforhandlede avtaler, men vil uttrykke en klar holdning mot de økte egenandelene.

Komiteens medlemmer fra Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet viser til at de reviderte avtalene mellom Den norske lægeförening, Norsk Fysioterapiforbund, Norsk Psykologforening og staten innebærer økninger i egenandelene. Tilsvarende økninger i egenandelene er foreslått fra Regjeringas side i St.prp. nr. 65 (2002-2003) Revidert nasjonalbudsjett.

Disse medlemmer viser til at Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet ved behandlingen av Revidert nasjonalbudsjett vil gå imot den foreslåtte økningen i egenandelene som er en følge av avtalen mellom staten og legene, fysioterapeutene og psykologene.

"På statsbudsjettet for 2003 blir det gjort følgende endring:

Kap.	Post	Formål:	Kroner
2309	1	Tilfeldige utgifter Driftsutgifter, reduseres med fra kr 7 272 418 000 til kr 7 252 418 000"	20 000 000

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet viser til St.prp. nr. 65 (2002-2003), Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet medregnet folketrygden 2003, der takstoppgjøret for leger, psykologer og fysioterapeuter mv. er foreslått dekket inn gjennom økninger av egenandelene i helsevesenet. Disse medlemmer støtter ikke forslaget i St.prp. nr. 65 (2002-2003) om en økning av egenandelene og viser dermed til at oppgjøret med leger, psykologer og fysioterapeuter må dekkes inn på annen måte. For øvrig har disse medlemmer ikke merknader til takstoppgjøret.

Behandling i utlandet

Komiteen viser til proposisjonens redegjørelse om at prosjektet Kjøp av helsetjenester i utlandet har hatt et merforbruk i 2003 ut over det som ble lagt til grunn i St.prp. nr. 65 (2002-2003). Komiteen deler Regjeringens syn på at det er nødvendig at staten innfrir sine plikter overfor de pasienter som allerede er tilbudt behandling i utlandet gjennom prosjektet. Komiteen viser til at Odelstinget har til behandling Ot.prp. nr. 63 (2002-2003) om endringer i loven om pasientrettigheter. Prosjektet er dermed i en overgangsfase.

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Høyre, Fremskrittspartiet og Kristelig Folkeparti, støtter de fremlagte bevilgningsforslagene i proposisjonen.

Komiteens medlemmer fra Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet viser til at Regjeringa foreslår å dekke inn deler av de økte utgiftene til utenlandsbehandling ved å redusere kap. 2661 Grunn- og hjelpestønad post 75 Bedring av funksjonsevnen, hjelpemidler med 20 mill. kroner. Denne reduksjonen medfører at taket på støtte til kjøp av PC reduseres fra 12 000 kroner til 7 500 kroner for stasjonær PC og fra 15 000 til 9 000 for bærbar PC. Slik disse medlemmer ser det, er dette i realiteten en økning av egenandelene for dem som trenger slikt utstyr, selv om prisene på PC viser en nedadgående tendens.

Disse medlemmer vil gå imot en slik økning i egenandelene for en gruppe mennesker som på grunn av sykdom, skade eller lyte er avhengig av slikt datautstyr for å bedre sin evne til å klare dagliglivets situasjoner.

Disse medlemmer vil derfor stemme mot proposisjonens forslag om å sette ned Kap. 2661 post 75 Bedring av funksjonsevnen, hjelpemidler med 20 mill. kroner og fremmer følgende forslag:

FORSLAG FRÅ MINDRETAL**Forslag frå Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet:**

På statsbudsjettet for 2003 blir det gjort følgende endring:

Kap.	Post	Formål:	Kroner
2309		Tilfeldige utgifter	
	1	Driftsutgifter, reduseres med	20 000 000
		fra kr 7 272 418 000 til kr 7 252 418 000	

KOMITEEN SI TILRÅDING

Komiteen si tilråding blir fremja av ein samla komité med unntak av framlegget om å setje ned kap. 2661 post 75 som blir fremja av Arbeidarpartiet, Høgre, Framstegspartiet og Kristeleg Folkeparti.

Komiteen har elles ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjere slikt

vedtak:

I statsbudsjettet for 2003 blir det gjort følgjande endringar:

Kap.	Post	Formål:	Kroner
Utgifter:			
701		Forskings- og forsøksverksemd	
	21	Spesielle driftsutgifter blir sett ned med	7 000 000
		frå kr 79 758 000 til kr 72 758 000	
732		Regionale helseforetak	
	71	Tilskot til Helse Øst RHF, <i>kan overførast</i> , blir auka med	24 000 000
		frå kr 10 668 000 000 til kr 10 692 000 000	
	72	Tilskot til helse Sør RHF, <i>kan overførast</i> , blir auka med	8 500 000
		frå kr 6 439 000 000 til kr 6 447 500 000	
	73	Tilskot til Helse Vest RHF, <i>kan overførast</i> , blir auka med	9 000 000
		frå kr 5 078 900 000 til kr 5 087 900 000	
	74	Tilskot til Helse Midt-Norge RHF, <i>kan overførast</i> , blir auka med	4 000 000
		frå kr 3 730 800 000 til kr 3 734 800 000	
	75	Tilskot til Helse Nord RHF, <i>kan overførast</i> , blir auka med	2 500 000
		frå kr 3 460 300 000 til kr 3 462 800 000	
743		Statlege stimuleringstiltak for psykisk helse	
	73	Tilskot til psykososialt arbeid for flyktningar, <i>kan overførast</i> , blir sett ned med	2 500 000
		frå kr 22 550 000 til kr 20 050 000	
	75	Tilskot til styrking av psykisk helsevern, <i>kan overførast</i> , blir sett ned med	2 500 000
		frå kr 1 165 350 000 til kr 1 162 850 000	
2600		Trygdeetaten	
	1	Driftsutgifter blir sett ned med	33 000 000
		frå kr 4 707 200 000 til kr 4 674 200 000	
2661		Grunn- og hjelpestønad, hjelpemiddel mv.	
	75	Betring av funksjonsevna, hjelpemiddel, blir sett ned med	20 000 000
		frå kr 2 527 000 000 til kr 2 507 000 000	
2711		Diverse tiltak i spesialisthelsetenesta	
	70	Refusjon spesialisthjelp blir sett ned med	35 000 000
		frå kr 1 163 000 000 til kr 1 128 000 000	
	71	Refusjon psykologhjelp blir sett ned med	1 500 000
		frå kr 205 000 000 til kr 203 500 000	
2755		Helseteneste i kommunane:	
	62	Tilskot til fastlønnsordning fysioterapeutar, <i>kan nyttast under post 71</i> , blir auka med	3 000 000
		frå kr 207 000 000 til kr 210 000 000	
	70	Refusjon allmennlegehjelp blir auka med	20 000 000
		frå kr 2 708 500 000 til kr 2 728 500 000	

Kap.	Post	Formål:	Kroner
	71	Refusjon fysioterapi, <i>kan nyttast under post 62</i> , blir a u k a med frå kr 1 155 000 000 til kr 1 163 000 000	<u>8 000 000</u>
2790		Andre helsetiltak	
	72	Sjukaehandling i utlandet blir a u k a med frå kr 98 000 000 til kr 163 000 000	<u>65 000 000</u>

Oslo, i sosialkomiteen, den 13. juni 2003

John I. Alvheim
leiar

Bent Høie
ordførar

